

Internasjonalt sosialt arbeid (30 stp)

Norsk namn

Internasjonalt sosialt arbeid (30 stp)

Engelsk namn

International Social Work

Undervisningsspråk

Norsk

Avdeling

Avdeling for samfunnsfag / Faculty of Social Sciences (ASF)

Studiepoeng

30 studiepoeng

Organisering

Delstudiet Internasjonalt sosialt arbeid er eit samarbeid mellom Gateway College og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Undervisninga vert gjeven i Cape Town, Sør-Afrika. Studiet er sett saman av to emne i eitt semester (haust).

Organisering 2

Desentralisert (utanfor Sogndal, Førde, Sandane) / Off Campus

Normert studietid

Eitt semester (haust).

Innleiing

Delstudiet *Internasjonalt sosialt arbeid* er eit samarbeid mellom [Gateway College](#) og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Undervisninga vert gjeven i Cape Town, Sør-Afrika. Studiet er sett saman av to emne i haustsemesteret.

Delstudiet byggjer på studieplanane til bachelorstudia i sosialt arbeid og barnevern ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Desse er regulerte av rammeplanane for sosionom- og barnevernspedagogutdanningane.

Utdrag frå studieplanane til Bachelorstudia i sosialt arbeid og barnevern:

RAMMEPLAN

Studieplanane for sosionom-/barnevernspedagogutdanningane er regulert av rammeplan og forskrift fastsett av Utdannings- og forskningsdepartementet 1. desember 2005. Rammeplanane er nasjonale og skal vere retningsgivande for høgskulane si tilrettelegging av studia. Rammeplanane består av ein generell del og ein studiespesifikk del. Den generelle delen er felles for fleire utdanningar i helse- og sosialfag (Rammeplan og forskrift for barnevernspedagog-, sosionom og vernepleieutdanningane 2005).

FELLES INNHALDSDEL

Bachelorstudia i barnevern, sosialt arbeid og vernepleie ved Høgskulen i Sogn og Fjordane har omlag 60 studiepoeng felles. Denne delen skal medverke til å danne sams haldningar og ferdigheiter, samt å gi forståing for felles referanseramme og for fleirfagleg samarbeid i yrkesutøvinga. Ifølgje rammeplanane skal denne innhaldsdelen medverke til å utdanne yrkesutøvarar som:

- har kunnskap om andre yrkesgrupper, og som kan vurdere eigen og andre sin kompetanse i konkrete samarbeidssituasjonar.
- har evne til å reflektere over og kan grunngi arbeidet sitt i forhold til overordna faglege og etiske perspektiv, og som kan sjå eiga yrkesrolle i eit kritisk lys
- tar medansvar for tilbakemelding til faglege og politiske styresmakter om årsaker til hjelpebehov, og om verknader av tiltak og uheldige samfunnsforhold.

VERDIAR

Menneskerettane står sentralt i helse- og sosialfaga. Utdanningane har felles verdigrunnlag der prinsipp som respekt for mennesket sin eigenverdi og solidaritet med ressursvake grupper står sentralt.

MÅLSETTING

Helse- og sosialfagsutdanningane har som overordna mål å utdanne reflekterte yrkesutøvarar som set mennesket i sentrum, og som kan planleggje og organisere tiltak i samarbeid med brukarar og andre tenesteytarar.

SKIKKAVURDERING

Studentar ved barnevern-, sosionom- og vernepleiestudia er omfatta av *Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning*, fastsatt av Kunnskapsdepartementet 30.juni 2006. Utdrag frå Forskrifta:

§ 2. Skikkethetsvurdering/definisjon

Løpende skikkethetsvurdering av alle studenter skal foregå gjennom hele studiet og skal inngå i en helhetsvurdering av studentens faglige og personlige forutsetninger for å kunne fungere som lærer eller som helse- eller sosialpersonell. En student som utgjør en mulig fare for barnehagebarns og elevers eller pasienters, klienters og brukeres liv, fysiske og psykiske helse, rettigheter og sikkerhet, er ikke skikket for yrket.

Hvis det er begrunnet tvil om en student er skikket, skal det foretas en særskilt skikkethetsvurdering. Forvaltningslovens regler om saksbehandling kommer til anvendelse ved særskilt skikkethetsvurdering .

Høgskulen har eiga nemnd for skikkavurdering.

Kompetanse / formell grad

Etter fullført delstudium kan studenten søkje om opptak direkte til andre semester i det første året av *Bachelorstudiet i sosialt arbeid* eller *Bachelorstudiet i barnevern* ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Målgruppe

Personar som er interessert i å arbeide med menneske med samansette vanskar og ulik sosial og kulturell bakgrunn: barn og unge, vaksne i ulike livsfasar.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse.

Innhald / oppbygging

Delstudiet er sett saman av to tverrfaglege emne. Det vert undervist i sosialt arbeid/sosialpedagogisk arbeid, psykologi, jus og ulike samfunnsfag.

Delstudiet skal gi studentane eit innblikk i dei ulike faga sine tenkjesett og metodar, samt innblikk i arbeidsområde til sosialarbeidarar. Delstudiet skal også gje studentane kjennskap til sosiale forhold i det landet undervisninga vert gjeven i.

Undervisnings- og læringsformer

Det blir nytta ulike undervisnings- og arbeidsformer i løpet av studiet: førelesingar, seminar, gruppeundervisning, oppgåveskriving, rollespel, munnleg og skriftleg framstilling, rettleiing og individuelt studium.

Det er obligatorisk deltaking i all undervisning, sjå under "Arbeidskrav" og omtalane av dei ulike emna.

Læringsutbytte

Studenten

- har kunnskap om sosialt arbeid sin historie, verdigrunnlag, teorigrunnlag, vitenskaplege tenking og arbeidsområde
- har kunnskap om og forståing for korleis samfunnsmessige strukturar og prosessar skapar og held vedlike sosiale problem
- har kunnskap om sosialpedagogikken sin historie, teorigrunnlag og arbeidsområde
- kan arbeide med grunnleggjande juridiske spørsmål innan sosionomen og barnevernspedagogen sine arbeidsområde og har kunnskap om organiseringa av offentleg forvaltning i Noreg
- har innsikt i eigne verdiar og haldningar og viser respekt for andre sine verdiar og livsformer
- har kunnskap om korleis sosialt arbeid vert praktisert i det landet undervisninga vert gjeven i

Praksis

Studenten skal gjere prosjektarbeid/feltarbeid på studiestaden

Studieopphald i utlandet

All undervisning vert gjeven i Cape Town, Sør-Afrika.

Arbeidskrav

Sjå omtale av dei ulike emna.

For å få godkjent deltaking i obligatorisk undervisning må ein ha teke del i minimum 80% i kvar undervisningsbolk, og fått godkjent eventuelt tilhøyrande oppgåver. Alle arbeidskrav må vere godkjende før ein kan få sluttvurdering/ta eksamen, jfr § 8. 2 i [Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Sogn og Fjordane](#)

Sluttvurdering

Karakterar

Greidd/ikkje greidd på eit av emna og bokstavkarakterar på det andre. Sjå omtale av dei to emna.

Oppflyttingskrav

For å kunne søkje om opptak til andre semester av bachelorstudiet i sosialt arbeid eller barnevern ved Høgskulen i Sogn og Fjordane må det første emnet vere greidd. For å gå vidare til andre studieåret ved bachelorutdanningane i sosialt arbeid og barnevern må alle eksamenar frå første studieåret vere greidd.

Pensum

Pensum er på om lag 2000 sider.

Godkjent av

Dekan

Godkjent dato

21.04.2008

Sist revidert av

Svanhildur Gudmundsdottir

Sist revidert dato

11.04.2011

Emnekode	Emnets navn	S.poeng	O/V (*)	Studiepoeng pr. semester						
				S1(H)	S2(V)	S3(H)	S4(V)	S5(H)	S6(V)	
GW5-SOS1	Introduksjon til internasjonalt sosialt arbeid	10,00	O	10						
GW5-SOS2	Det norske velferdssamfunnet	20,00	O	20						
Sum:				30	0	0	0	0	0	0

*) O - Obligatorisk emne, V - Valgbare emne

GW5-SOS1 Introduksjon til internasjonalt sosialt arbeid

Kode

GW5-SOS1

Norsk namn

Introduksjon til internasjonalt sosialt arbeid

Engelsk namn

Introduction to International Social Work

Undervisningsspråk

Norsk

Avdeling

Avdeling for samfunnsfag / Faculty of Social Sciences (ASF)

Studiepoeng

10,00

Nivå

Grunnemne / Introductory Level

Fagleg overlapp

100% med emne BVP5-100 ved HSF.

100% med emne SOS5-100 ved HSF.

Kategori

Obligatorisk del av studiet Internasjonalt sosialt arbeid (Gateway College).

Semester

Haust

Forkunnskapar

Ingen.

Innhald/oppbygging

Studenten får undervisning i sosialt arbeid, sosialpedagogikk, psykologi og kvalitativ forskingsmetode.

Det blir gitt undervisning om ulike modellar og teoriar i sosialt arbeid. Studentane skal intervjuje sosialarbeidarar/hjelppearbeidarar for å bli kjent med utøving av sosialt arbeid i det landet undervisninga vert gjeven. Studentane får også undervisning om sosialpedagogiske fagtradisjonar. I undervisninga i psykologi vil studentane få innføring i psykologi som vitskapen om åtferd og mentale prosessar, motivasjon og sosialpsykologi. I kvalitativ forskingsmetode lærer studentane å gjennomføre eit kvalitativt intervju. Vidare får dei opplæring i informasjonsinnhenting og kjeldebruk. Studentane skal gjere praksisretta feltarbeid.

Undervisnings- og læringsformer

Førellesningar, seminar, grupper, rollespel, rettleiing og sjølvstudium

Kompetanse/læringsutbytte

Studenten

- kjenner til og har forståing for utviklinga og historikken i sosialt arbeid, både nasjonalt og internasjonalt
- har kunnskap om sosialpedagogikken sin historie, teorigrunnlag og arbeidsområde
- har kunnskap om korleis ulike teoretiske perspektiv i sosialt arbeid og sosialpedagogisk arbeid verkar inn på yrkesutøvinga
- har kunnskap om korleis sosialt arbeid vert praktisert i det landet undervisningen vert gjeven i
- har kjennskap til sentrale perspektiv innan psykologisk tenking
- kan utføre feltarbeid og intervju med ein sosial-/hjelppearbeidar og leggje fram resultat både skriftleg og munnleg
- kan leggje fram faglege vurderingar på ein strukturert måte - både munnleg og skriftleg
- kan vere konstruktiv og kritisk i det faglege arbeidet.

Studieopphald i utlandet

All undervisning vil bli gjeven i Cape Town, Sør-Afrika.

Arbeidskrav

- Minimum 80% deltaking i alle undervisningsbolkar.
- Gruppearbeid: Gjennomføring av eit kvalitativt intervju med ein sosial-/hjelppearbeidar og påfølgjande rapportskrivning. Studentane får rettleiing på intervjuguide og ei skriftleg tilbakemelding på utkast til rapport. Gruppemedlemene stadfestar kvarandre si deltaking ved avslutning av arbeidet.

Sluttvurdering

GW5-SOS1

- Munnleg presentasjon av skriftleg arbeid.

Både det skriftlege arbeidet og den munnlege framlegginga inngår i vurderinga. Individuell karakter: greidd/ikkje greidd.

Ved stryk må heile eksamen takast opp att.

Pensum

OBS: Pensum blir oppdatert før oppstart av emnet

Askeland, G.A. og Døhlie E. (2006): Internasjonalt sosialt arbeid - når sosialarbeideren kryssar grenser. I Askeland, G.A. og Døhlien, E.(red)(2006): *Internasjonalt sosialt arbeid. Innsats på andres arena* . Universitetsforlaget. (15 s)

Dalland, Olav (2007): *Metode og oppgaveskriving for studenter* . Gyldendal Akademisk. Kap 1 tom 4 og kap11 og 12

Gudmundsdóttir, Svanhildur (2002): HSF Notat nr 7/2002 (15 s) *Refleksjoner over sosialt arbeids historikk.*

Hutchinson, G.S. og Oltedal, S. 2003. *Modeller i sosialt arbeid. Universitetsforlaget* . Oslo (210 s)

Håkonsen, K.M.(2009): *Innføring i psykologi*. Gyldendal akademisk. Oslo. Kap 1,4,11 og 13

Rautenbach, J.V. og Chiba, J.(2010): Introduction. I Nicholas, L., Rautenbach, J. og Maistry (2010): *Introduction to Social Work* . Juta Company, Cape Town

Nicholas, L. (2010): The History of South African Social Work. I Nicholas, L., Rautenbach, J. og Maistry (2010): *Introduction to Social Work* . Juta Company, Cape Town

Storø, J. (2008): Sosialpedagogisk praksis - det handler om hva du gjør. Oslo. Unoversitetsforlaget.

Med atterhald om endring.

Pensum sist oppdatert av

Svanhildur Gudmundsdottir

Pensum sist oppdatert dato

21.06.11

Godkjent av

Dekan

Godkjent dato

21.04.2008

Sist revidert av

Svanhildur Gudmundsdóttir

Sist revidert dato

11.04.11

GW5-SOS2 Det norske velferdssamfunnet

Kode

GW5-SOS2

Norsk namn

Det norske velferdssamfunnet

Engelsk namn

The Norwegian welfare society

Undervisningsspråk

Norsk

Avdeling

Avdeling for samfunnsfag / Faculty of Social Sciences (ASF)

Studiepoeng

20,00

Nivå

Grunnemne / Introductory Level

Fagleg overlapp

100% med emne BSV5-100 ved HSF

100% med emne VPD5-100 ved HSF

Kategori

Obligatorisk del av Internasjonalt sosialt arbeid (Gateway College).

Semester

Haut

Forkunnskapar

Det er ikkje krav til forkunnskapar i dette emnet, men ein føreset at studentar ved studiet *Internasjonalt sosialt arbeid* (Gateway College) har kunnskapar frå det første emnet i studiet.

Innhald/oppbygging

Studenten får innføring i stats- og kommunalkunnskap, jus, sosiologi og i sosialpolitikk. I undervisninga i stats- og kommunalkunnskap vert det lagt vekt på oppgåvefordelinga mellom dei ulike forvaltningsnivåa, samt tilhøva mellom politikk og byråkrati. Studenten får innføring i juridisk metode og dei grunnleggjande juridiske sakshandsamingsreglane som gjeld for den offentlege forvaltninga, med vekt på sosialrett og helserett. Studenten får innføring i korleis ein kan forstå samfunnet og menneskeleg samhandling med utgangspunkt i sentrale sosiologiske teoriar og omgrep. Studenten skal lære om grunnleggjande kulturelle element, korleis sosiale system er strukturerte, og korleis den sosiale samhandlinga kan ta form. Det blir lagt særleg vekt på prosessar som skapar avvik og ulikskap. Studenten får innføring i organisering og oppbygging av dei mest sentrale velferdsområda i Noreg, med vekt på statlege trygder, kommunal velferdspolitik og helsetenester. Verdier og prinsipp som ligg til grunn for sosialpolitiske prioriteringar vil stå sentralt i undervisninga. Med utgangspunkt i faga i emnet får studenten også undervisning og trening i å skrive akademisk.

Undervisnings- og læringsformer

Førelingar, skriftleg arbeid, seminar, gruppearbeid og sjølvstudium. Det vert gitt ei individuell skriftleg tilbakemelding på mappeoppgåva.

Kompetanse/læringsutbyte

Studenten

- har kunnskap om korleis forvaltningsnivåa er organisert og korleis nivåa påverkar kvarandre, og kunnskap om sentrale statsvitskaplege omgrep som til dømes politikk, demokrati, makt og byråkrati
- har innsikt i juridisk metode, kunnskap om alminneleg forvaltningsrett, helse- og sosialrett og kunnskap om rettstryggleiksprinsippa i velferdsretten
- har kunnskap om dei sentrale omgrepa i sosiologien, korleis samfunnsmessige mønstre skapast og forståing av korleis desse mønstra vert vidareført systematisk
- har kunnskap om kva verdier velferdspolitikken i Noreg kviler på, om sosialpolitikken sitt hovudinnhald og kan reflektere over sosialpolitiske målsettingar
- kan skrive akademisk og nytte sentrale omgrep frå dei ulike faga i emnet.

Praksis

Nei

Studieopphald i utlandet

All undervisning vert gjeven i Cape Town, Sør-Afrika.

Arbeidskrav

Minimum 80% deltaking i alle undervisningsbolkar.

Sluttvurdering

GW5-SOS2

- Ei mappeoppgåve. Vekting 40 %.

- Skuleeksamen 6 timar, vektning 60 %.
- Bokstavkarakter.

Ny eksamen (kontinuasjon): Studenten tek opp att den delen av eksamen som ikkje er greidd. Ved ny eksamen på mappe, arbeider studenten vidare med opphavleg oppgåvetekst.

Forsøk på forbetring av karakter: Studenten må ta opp att heile eksamen.

Pensum

OBS Pensum kan bli revidert før oppstart av emnet.

Jus

Ohnstad, B.(2009): *Juss for helse og sosial arbeidere: en innføring i lovgivning, juridisk tenkning og metode* . Bergen, Fagbokforlaget.

Syse, A.(red): *Norges lover. Lovsamling for helse- og sosialsektoren* . Oslo Gyldendal.(nyeste utgåve)

Sosiologi

Schiefloe, P. M. (2003): *Mennesker og samfunn*. Bergen, Fagbokforlaget. Kap. 1., kap. 2 (2.1-2.2), kap. 5, kap. 6, kap 7, kap. 8, kap. 9 (9.1-9.4), kap. 10 og kap. 11. 250 s.

Sosialpolitikk

Stamsø, A.M. (red) (2009): *Velferdsstaten i endring. Norsk helse- og sosialpolitikk ved starten av et nytt århundre* . Gyldendal Akademisk Kap 1 tom 4; kap 6 tom 8; kap 10 og 11 (ca 200 s)

Stats og kommunalkunnskap

Hanssen, G. S., M. K. Helgesen og S. I. Vabø (2011): *Politikk og demokrati. En innføring i stats- og kommunalkunnskap*. Oslo, Gyldendal Akademiske. Kap 1 tom 3 og kap 5 tom 10. (ca200 s)

Pensum sist oppdatert av

Svanhildur Gudmundsdóttir

Pensum sist oppdatert dato

11.04.11

Godkjent av

Dekan

Godkjent dato

21.04.2008

Sist revidert av

Svanhildur Gudmundsdóttir

Sist revidert dato

11.04.11